# Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

Advent- og julenummer

NR. 6 - desember 2012 44. årg.





Min Salme
side 3



Tankar før jul
side 4



Spora etter Gunleiv
side 6



Frivilligsentralen
side 10

## Bryne - Time - Undheim sokn

| | |
|---|---|
| **Kyrkjekontoret** | tlf. 51 77 03 77 |
| Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00 | |
| Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne | |
| heimeside: http://www.time-kyrkja.no | |
| e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no | |
| telefaks | tlf. 51 77 03 60 |
| Prost: Kjell Børge Tjemsland | tlf. 416 38 048 |
| Sokneprest: Stein Ødegård | tlf. 911 57 105 |
| Sokneprest: Gunnar Frøyland | tlf. 958 73 847 |
| Kateket: Ingfrid Time Nærland | tlf. 970 99 661 |
| Diakon: Torild Egeland Reime | tlf. 911 81 696 |
| Sekretær Bryne sokneråd: | |
| Elisabeth Obrestad | tlf. 51 77 03 64 |
| Sekretær Time sokneråd: | |
| Elisabeth Obrestad | tlf. 51 77 03 64 |
| Sekretær Undheim sokneråd: | |
| Hanne Brit Sandsmark | tlf. 996 26 157 |
| Sekretær: Kari W. Ødegaard | tlf. 51 77 03 77 |
| Sekretær: Siri Vik | tlf. 51 77 03 76 |
| Kyrkjeverje: Olav Vegard Søyland | tlf. 51 77 03 69 |
| Konsulent: Tor Aase | tlf 51 77 03 63 |
| Prosjektleiar trusopplæring: | |
| Jorunn M. Ueland | tlf. 975 07 517 |

### Time

| | |
|---|---|
| Organist: Oddny Underhaug | tlf. 900 11 178 |
| Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth | tlf. 996 19 121 |
| Soknerådsleiar: Karin Lima Friestad | tlf. 476 23 950 |
| Klokkar: Sofie Braut | tlf. 986 55 128 |
| Time kyrkjegard | tlf. 51 48 32 84 |

### Bryne

| | |
|---|---|
| Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth | tlf. 996 19 121 |
| Organist: Per Olav Egeland | tlf. 900 18 708 |
| Klokkar: Leif Andenes | tlf. 909 93 176 |
| Soknerådsleiar: Ruth Stabel Berg | tlf. 938 31 623 |
| Barne- og ungdomsarbeidar: | |
| Jorunn Pettersen | tlf. 51 77 03 72 |
| Kyrkjelydutviklar: Bjørn Inge Hauge | tlf. 51 77 03 77 |

### Lye forsamlingshus

| | |
|---|---|
| Heimeside http://www.lyeforsarnlingshus.no | |
| Ungdomsprest: Ole Tørring | tlf. 951 78 971 |
| Leiar forsamlingsstyret: Arne Heggheim | tlf. 900 34 326 |
| Administrator Lye: Sigurd Idland | tlf. 466 98 050 |

### Undheim

| | |
|---|---|
| Sokneprest: Per Børge Hillestad | tlf. 934 42 919 |
| Kyrkjetenar: Hans Undheim | tlf. 900 37 560 |
| Soknerådsleiar: | |
| Kåre Sigurd Undheim | tlf. 51 48 43 07 |
| Undheim kapell | tlf. 51 48 68 20 |

Besøk vår nettside:
**www.time-kyrkja.no**
E-post sokneråda:
Time sokneråd: time@soknerad.no
Bryne sokneråd: bryne@soknerad.no
Undheim sokneråd: undheim@soknerad.no

# Juleevangeliet

**Luk 2, 1–20**

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song: «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»

Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrde på, undra seg over det gjetarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrt og sett; alt var slik som det var sagt dei.



*Foto framside: "Eivor, Fredrik, Lotte og Gina tenner adventlys" av Ragnhild U. Aalgaard*

**Helgedagen** Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.
Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Arnfinn Vigrestad, Knut Aalgaard og Gabriel Tengsareid. Layout: Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard.
Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.
Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til gabriel.tengsareid@lyse.net /knut.aalgaard@lyse.net og må vera oss i hende innan 11. januar.
Ver vennleg å senda stoff til Helgedagen innan fristen. Neste nr. kjem ut ca. 1 februar 2013.

# Min Salme

## Du som bærer håpet midt i dypest natt

*Til det barn som i stallen ble vår dyre skatt*
*Kom folket vandrende den første julenatt*
*For å se det under som var blitt forutsagt*
*En frelser i en enkel krybbe svøpt og lagt*

*refr.*
*Verdens lys kom ned til denne jord*
*Se, Guds lam, en konge så stor*
*Et barn blir oss gitt i hellige stunder*
*Han skal kalles Under over Under*

*Du som fødes inn i denne trengselsri*
*Inn i slitet, dagen, sorg og gledestid*
*Du som gir oss håpet midt i svartest natt*
*Du som vet at motbakken er lang og bratt*

*Du som kommer inn i våre hverdagsliv*
*I gater, streder, i hvert et strå og siv*
*Du som kjenner hvert et lite hjerteslag*
*Du som tenner stjerner midt på høylys dag*

*Du som bærer håpet midt i dypest natt*
*Hjelp oss å finne stier selv i villest´ kratt*
*Så vi kan følge stjernen når den viser vei*
*Og høre englekor som sender lys fra deg*

*Steinar Hobberstad Fjeld*



*Foto: KAA*

*Steinar Hobberstad Fjeld*

Denne vesle teksten ble til i løpet av noen skyggefulle høstdager. Tankene flyr fram og tilbake; året som snart er omme, har satt sine merker, på godt og vondt. Skiftningene mellom lys og mørke, dag og natt, blir mer og mer merkbare. Når mørket tidvis senker seg over land og folk, er det godt å tenke på at verdens lys ennå skinner over jorderik. Det som ble tent den aller første julenatt og gir lys i mørket for alle folkeslag, forhåpentligvis også for dem som inn i advent- og juletid kjenner seg glemt og forlatt. Han som bærer håpet midt i dypets natt, vil uansett være til stede i menneskers liv, til alle døgnets tider.

*Steinar Hobberstad Fjeld*

***"Det folket som vandrer i mørket, ser et stort lys. Over dem som bor i dødsskyggens land, stråler lyset fram. For et barn er oss født, en sønn er oss gitt. Herreveldet er lagt på hans skulder. Han har fått navnet Underfull rådgiver, Veldig Gud, Evig far, Fredsfyrste."***

***(Jesaja 9,2 og 9,6)***

*Julekrybbe Time kyrkje. Foto: Steinar Hobberstad Fjeld*



# Tankar før jul

**Må førjulstida alltid vera så travel og stressande?**
**Kor har det vorte av stilla, ettertanken – og innlevinga?**



*Else Marie Bue*

Helgedagen har hatt ein førjulsprat med Else-Marie Bue. Ho har feira jul i fire land og tre verdsdelar og opplevt heilt ulike måtar å feira jul på.

Nå har ho til ære for oss i Helgedagen teke fram figurane til julekrubba og sett opp den afrikanske landsbyen i stova si. Minne frå Kamerun, Vest-Afrika. Der hadde ho heimeadresse i åra 1961-1979.

– Kvar jul prøver eg å skapa mitt Betlehem i denne afrikanske landsbyen.
– I Kamerun er jula først og fremst ein kyrkjefest. Eg kunne ynskja eg var der, seier ho. Ja, eg lengtar på ein måte til noko som var, ein skatt eg sjeldan tek meg tid til å dvela ved. Der tek folk kvelden når mørket kjem på, og det blir så stille. Insektlydane skifter i takt med klokka, og parafinlykter lyser her og der i tropekvelden. Så høyrest det song frå Ponti sitt hus. Der er bålet tent på tunet, og dei øver på julesongar. Barneflokken er stor, og nå lærer mor vidare det ho sjølv har høyrt om Jesus og Betlehem. - Her i Norge gjer me oss strev og uro med så mange ting for å feira jul, til og med i kyrkjelege samanhengar.

**”- Her i Norge gjer me oss strev og uro med så mange ting for å feira jul, til og med i kyrkjelege samanhengar.**

Landsbyen hjelper oss til å sjå den store kontrasten frå Kamerun til dagens førjuls-Noreg. Hos oss kan me alt tidleg på hausten finna nissar på rekkje og rad og heilsides annonser om kor dei beste juleborda kan bestillast! Og farten på julekarusellen aukar berre på etter som jula nærmar seg.



### Der jul er kyrkjefest

- I Tibati var me samla i og omkring kyrkja. Pynten var heimelaga og enkel: palmegreiner og endelause lenkjer av mango-blad. Søndagsskuleborna hadde alle rollene i julespelet, og dei laga sitt Betlehem under dei høge trea utanfor kyrkja. Hyrdingane vakta eigne sauer ved bålet, og borna stelte i grashyttene som var sette opp for denne julekvelden. Lyktene lyste der inne då Josef kom med Maria på eselet. Tilhøyrarskaren var stor, både frå kyrkja og nabolaget. Der noko skjer, samlast folk.

- Afrikanaren er så inderleg ekte i sitt uttrykk, og nå viste dei kjensler med heile seg. Josef og Maria vart avviste, og irritasjonen blant publikum vart stor då dei farande ikkje fekk plass korkje i første eller andre hytta. Kai! Kai! (Nei!) Dette var uhøyrt, formasteleg, u-afrikansk!

**”- Ingen skundar seg heim på julekvelden, for det er i og rundt kyrkja høgtida er. Der gleder dei seg saman, syng, dansar og høyrer.**

- Ingen skundar seg heim på julekvelden, for det er i og rundt kyrkja høgtida er. Der gleder dei seg saman, syng, dansar og høyrer. Desse menneska var dei første kristne der på den tida og hadde ei barnleg glede over å høyra Jesus til.

- Jul er jul berre i den grad julebodskapen blir sentral. Då gjev jul i Kamerun meg dei beste kjensler. For når julerushet og juleorda alt i oktober rasar over oss her i Noreg, er det ennå lenge til jul i dette afrikanske landet.



- Når eg tenkjer på det eg gjerne ville ha gjort til jul, og vert litt travel av det, så undrar det meg at eg ikkje har lært av dei eg tykte feira jul på ein så fin måte. Dei færraste visste om julepynt, vara fanst ikkje i landsbybutikken eller på marknadsplassen. Dei hadde ikkje andre juleord enn dei som er knytte til Bibelen sine ord om Jesu fødsel. Slik levde dei seg inn i juleevangeliet, og det viktigaste fekk førsteplassen.

*Tekst og foto: LHH*

**”- Jul er jul berre i den grad julebodskapen blir sentral.**



*Gunleiv Edland i kjend stil ved Mølledammen*
*Foto: Steinar Sandvik*

# Spora etter Gunleiv

Gunleiv Edland var anleggsgartnar i Time kommune i nær 45 år. Han vart kjend som Bryne sin eigen gartnar. Spora etter han er mange - som til dømes i parken ved Mølledammen og den store trappa frå Storgata til Smiegata. Han hadde og eit stort hjarta for kyrkjene, og mange ute-anlegg og plantefelt ved Time kyrkje og Bryne kyrkje er teikna og opparbeidde av Gunleiv.

Kyrkjekontoret har teke vare på mange av teikningane, og Helgedagen vart invitert til å sjå gjennom desse. Og dei er ikkje få! Her er teikningar frå 60-åra og fram til han gjekk av med pensjon i 2007. Ein imponerande dokumentasjon på omfanget av Gunleiv sitt engasjement. Det er detaljerte teikningar av uteanlegg, plantekart og andre endringsplanar. Den som tek seg ein tur rundt enten Time kyrkje eller Bryne kyrkje, vil finna mange "fotavtrykk" etter Gunleiv, frå til dømes inngangsparti, parkeringsplassar, bårekapell eller leikeplass for barnehagen.

Arbeid med stein var noko han likte svært så godt. Han hadde "steinauga". – Ja, Gunleiv var ein ekte anleggsgartnar. Han beherska til fulle både den "grå-" og den "grøne delen" av faget, seier Oddmund Hognestad til Helgedagen. Han hadde, som medlem og seinare leiar av soknerådet, mykje samarbeid med Gunleiv i tida før og etter Bryne kyrkje vart teken i bruk.

– Gunleiv var heilt sentral i arbeidet utfor kyrkjene. Han hadde ideane klare, tok initiativ og leia dugnader. Han stod på seint og tidleg, uavhengig av arbeidstida i kommunen. Hognestad fortel også at Gunleiv la vekt på å nytta lokal stein. Derfor er det brukt mykje glimmerskifer frå sjølve byggetomta utanfor kyrkja.

Ole-Gunnar Sæbø som var kapellan på Bryne i slutten av 70-åra, hugsa også godt den ivrige anleggsgartnaren.
– Gunleiv gjorde ein fantastisk innsats både før og etter at kyrkja vart teken i bruk, seier Sæbø til Helgedagen. – Han fekk det så godt til, og alltid var det kvalitet over arbeidet.

Gunleiv var ein allsidig kulturberar. Han fekk opna mange sine augo for det vakre. I Bryne kyrkje, som vart hans åndelege heim, er me mange som gleda oss då Gunleiv hadde høgtidspynta i kyrkjerommet.

Gunleiv døydde 6. september i år, nær 75 år gamal.

*RT*



*Gunleiv brukte glimmerskifer frå kyrkjetomta. Her er han i sitt rette element utfor Bryne kyrkje i 1982*
*Foto: Ole-Gunnar Sæbø*



*Gunleiv sette mange spor etter seg både på Bryne og ved kyrkjene*
*Foto: Privat*



# ENDELEG KORS PÅ BRYNE KYRKJE

*Korset er innteikna av Gabriel Tengsareid etter teikning av arkitekt Peer Stokholm*

*Foto: Olav Garborg*
*Montasje: Netprint*

Det er fleire som har etterlyst eit kors på Bryne kyrkje. Ein har sakna eit synleg symbol på at dette er eit Guds hus, ei kyrkje.

På initiativ frå Bryne sokneråd, sette Time kyrkjelege fellesråd ned ei arbeidsgruppe for å greia ut spørsmålet om kors på eller ved Bryne kyrkje. Desse har vore med i gruppa: Jan Rosland, Gabriel Tengsareid og Olav Vegard Søyland. Arkitekt Peer Stokholm, arkitekten som var med då kyrkja vart bygd, og kunstnar Per Odd Aarrestad har vore engasjerte i arbeidet.

Som biletet syner, er korset plassert på kyrkjetårnet og festa eit stykke frå fremre kant. Korset skal utførast i aluminium med fot av stål.

Bryne sokneråd gjorde ei positiv tilråding til Fellesrådet i september, og Fellessrådet gjorde i oktober dette samrøystes vedtaket:

*Time kyrkjelege fellesråd vedtar forslaget til kors på taket av tårnet ved Bryne kyrkje slik det går fram av teikning frå arkitekt Stokholm datert 05.10.2012. Korset vert produsert og montert av Kjell Aarre. Samla kostnad blir mellom kr 65.000 og 70.000. Det vert sett i gang gjevaraksjon for å finansiera korset. Fellesrådet stiller garanti for prosjektet ved bruk av rehabiliteringsmidler.*

Det skal endeleg godkjennast av bispekontoret før montering i 2013.

Det er å håpa at mange vil helsa korset velkommen på Bryne kyrkje. Korset er det sterkaste symbolet vi kan ha på ei kyrkje.

**Vi oppfordrar mange til å støtta korsprosjektet ved å senda eit beløp til konto 3325 37 41 061** (beløp over 500 kr gjev grunnlag for skattefråtrekk)

*Jan Rosland*

## Gravlys



Mørketida er her, og med den ynskjet om å minnast dei som er farne herifrå med å setja lys på gravene. Det er ein fin skikk, og det er flott å sjå når kyrkjegardane til dømes på Allehelgensdag og i juletida vert opplyst av hundrevis av små lys.
Diverre er det også flygande gjester som tykkjer lysa er fine. Skjorer er interesserte i talg frå dei frittståande gravlysa. Fuglane tar rett som det er lysa med seg og slepper dei ned, mellom anna på dyrka mark.
Derfor ber vi om at alle respekterer forbodet mot frittståande gravlys på kyrkjegarden. Det er fine, billige lykter til sals som ein kan setja lysa inni. Slik vert det uråd for fuglane å få tak i dei, samstundes som det tar seg endå finare ut på grava.

*Olav Vegard Søyland*



# Lys Våken 2012

**Bryne kyrkjelyd inviterte i oktober alle femteklassingene på Bryne til "Lys Våken 2012". Det var et spennende opplegg med overnatting i Bryne kyrkje 2. november. Så blir det fire samlinger i Sandtangen sammen med speideren og lysmesse i Bryne kyrkje 2. desember kl 18.00.**

Helgedagen var innom Bryne kyrkje og møtte fornøyde femteklassinger. Kvelden før hadde de kost seg med pizza og brus, konkurranser og kino i «ungkyrkjerommet». Filmen «Legenden om Narnia - Løven, Heksa og Klesskapet» var veldig spennende, kunne de fortelle. Samlingen ble avsluttet med at 40 forventningsfulle femteklassinger gikk inn i Narnia-universet. Kirkerommet var gjort om til Narnia, og her møtte de både steder og skikkelser fra Narnia. Før femteklassingene fikk gå inn i kirkerommet, måtte de gjennom Klesskapet og love å være positive og støtte hverandre så godt de kunne. Organist Per Olav Egeland var i rollen som pilegrim og trakk linjene mellom Narnia og vår virkelige verden. Narnia-bøkene gir dem en spennende opplevelse og formidler på en genial måte det kristne budskapet. Femteklassingene avsluttet kvelden med en fin bønnevandring i kirken. Der fikk de sammen med gruppelederne tenne lys, tegne seg med korsmerket ved døpefonten og skrive bønnelapper. Konkrete trospraksiser er noe barna kan ta med seg videre som hjelp til å møte livet.

Det var utrolig kjekt å være sammen med Lys Våken-gjengen. Nå gleder lederne seg til fire kjekke ute-samlinger i Sandtangen. Til Lysmessa i Bryne kyrkje 2. desember kl 1800 er alle velkomne. Det blir en spennende kveld i kirken. Der kan de som vil ta steget inn i Narnia og starte adventstiden på en spennende og stemningsfull måte.

*Tekst og foto: Bjørn Inge Hauge*





Jorunn Pettersen og Asbjørn Stokka demonstrerte rappellering fra kirketårnet for en begeistret femteklasse-gjeng




## Fargelegg

Tegning: Rikke Fjeld Jansen



## Prikk til prikk

Tegn en strek fra 1 til 2 og så videre. Hva skjuler seg her?



## Finn fem feil

De to bildene er nesten like. Finner du de fem feilene på bildet til høyre?



Tegning: Rikke Fjeld Jansen









## Time Frivilligsentral IOGT



Torill Lode framføre den eine veggen i lokalet til Time Frivilligsentral Foto: KAA

-Time Frivilligsentral IOGT. -Det er Torill Lode som svarar på telefonen. Ho er dagleg leiar på Frivilligsentralen i Time. Røysta bedreg ikkje. Torill er like blid og tenestevillig når Helgedagen møter opp på kontoret i Eikhi-bygget på Bryne. Romet der fortener mange adjektiv: Lyst, varmt, harmonisk, fint, venleg, - ja, kort: ein god plass å vera: "Alt her er Gjenbruksvarer", kommenterer Torill.

Time Frivilligsentral IOGT passerte i november tre år i drift. Det er IOGT som driv denne sentralen og har ein fast tilsett for å koordinere arbeidet. På landsbasis er det ca. 400 frivilligsentralar. Før var det Sosialdepartementet som hadde ansvar for Frivilligsentralane, og arbeidet hadde mest ein sosial vri. Nå har Kulturdepartementet teke over, og arbeidet rettar seg mot heile lokalsamfunnet. Storparten av økonomisk støtte kjem også frå departementet. Lokalt har Frivilligsentralen eit styre med representerer frå IOGT, Røde Kors, Bedehuskirken og Time kommune.

**Møte mellom menneske**
Torill Lode presenterer kort arbeidet slik:
Hovudmålet er: Samarbeid om frivillig aktivitet og Møte mellom menneske. Vi samarbeider med Time kommune, lag, organisasjonar og enkelt menneske. Utfordringa vår er: Kan me få til meir saman enn kvar for oss? Me ynskjer ikkje å konkurrera med andre. Me får den frivilligsentralen som me i samarbeid greier å byggja.
Me har fokus på nettverkskaping, mangfald og meistring.
Time Frivilligsentral IOGT er eit knutepunkt og bindeledd mellom dei som ynskjer å yta frivillig innsats i nærmiljøet, og dei som har bruk for slike tenester: frivillige som vil gi litt av si tid i saman med andre og slik vera med å utvikla nye nettverk. Me har bruk for deg om du har ein time ein til to gonger i året eller oftare. Den enkelte bestemmer kva dei har lyst til.

**Hausten 2012 har aktivitetsplanen vore fylgjande:**
*Språksprell* kvar onsdag kl 13.00 - 14.30 der frivillige som snakkar norsk, samtalar med ei større gruppe av nye landsmenn.
*Prosjekt: MMM - Mangfald, motivasjon og meistring*
Oppstart på dette prosjektet var våren 2012 i samarbeid med Time kommune. Målgruppa er kvinner og barn frå andre kulturar som nyleg er komne til Norge. I lag med norske får dei kunnskap om og innføring i det norske samfunnet, og det vert slik skapt møteplassar.
Det er eit mål å skapa balanse mellom nye landsmenn og det norske miljøet dei bur i.
Førti kvinner og ti born frå andre kulturar, saman med åtte norske kvinner, er nå registrerte i prosjektet.

*Nettverksgrupper for eldre*
Prosjektet er i gang for å starta nettverksgrupper for folk som ikkje (lenger) kjører bil. Ut på ulike småturar, for å handla og felles aktivitetar.
Kvar torsdag kl 10.00 er det Seniornett på biblioteket for dei som vil lære meir på data. Nybegynnarkurs i data er vår og haust.

For fysisk aktivitet er det Strandturgruppe kvar tirsdag kl 10.30 frå Friluftshuset, Seniordans på Kverneland kvar fredag kl 10.00 - 11.30, KUL-TUR-turar i nærmiljøet med lokal guide og kulturelt innhald, C-gjengen, - folk som kombinerer tur og samtidig fjernar søppel langs turvegen.

Fuglemating i Mølledammen skjer kvar dag og er eit samarbeid mellom Frivilligsentralen, kommunen og Coop M 44.
Full rulle er Trilletreff for småbarnsforeldre i samarbeid med helsestasjonen.

Strøsand for pensjonistar minner om at vinteren er for døra. Frivillige kan hjelpe med snømåking, strøing og kjøre ut sand til dei som ikkje kan hente ved Sivdammen.

**Treng kvarandre annankvar dag**
Torill Lode er ein ivrig formidlar. Intervjuaren forstår snart at oss menneske mellom er det slik at me treng kvarandre annankvar dag. I dag treng eg hjelp, i morgon er det din tur. Eller omsett til Frivilligsentralen sine mål: Ein dag er du brukar, neste dag kan du stå til teneste eller kanskje begge deler samstundes.
Så vart det også understreka til gagns at det ikkje er om å gjere å gi folk som tek kontakt ein ny timeplan i handa. Det er den som tilbyr si teneste som bestemmer dag, tid og kva dei ynskjer å vera med på.
-Om det så er berre ein gong i året, - ga Torill som eksempel på kor fleksibelt det kan vera.

Eg går heim frå dette intervjuet, dei levande lysa på borda, den hyggelege, rause dama og kjente at eg hadde fått ny lærdom, ny kunnskap. Ein av våre nye landsmenn var komen inn. Han skulle fylgjast til ei eldre dame som trong hjelp til hausten i hagen. Torill fekk raskt på seg ytterklede og sko for å fylgja denne hjelparen til rett adresse.

*emb*



Foto: KAA

Time rådhus

# Økonomiplanen 2013 for Time kommune og kyrkja

Rådmannen i Time har lagt fram forslag til økonomiplan for 2013-2016. Dokumentet inneheld og det som er tiltenkt kykja og den kyrkjelege drifta neste år og åra framover.
Tala er som følgjer:

**Kyrkja**
Kyrkjeleg fellesråd får ein vekst på 5,3 %. Budsjettet aukar frå 5 524 000 kr i 2012 til 5 805 000 kr i 2013. Tilskotet inkluderer i tillegg til lønns- og prisjustering ein auke på 250 000 kr til administrasjon av sokna.

Løyvingar til vedlikehald/rehabilitering av Bryne kyrkje er auka med 2,4 mill. kr. Heile beløpet er budsjettert i 2013. 40 mill. kr i investeringsmidlar går i perioden til utviding av gravplassane på Time og på Undheim.

**Bryne kyrkje – rehabilitering**
I samarbeid med Fellesrådet er det budsjettert med i alt 8 mill. kr til nødvendig rehabiliteringsarbeid i kyrkja i 2012-2013.

**Undheim gravplass**
Kostnader for kjøp av areal, regulering og opparbeiding av utvida gravplass er innarbeidd med i alt 7 mill. kr. Me tar sikte på ferdigstilling av gravplassen i 2015.

**Time kyrkje – rehabilitering**
Det er budsjettert med 4,5 mill. kr til rehabiliteringsarbeid i og rundt Time kyrkje, mellom anna brannsikringstiltak.

**Time kyrkje – gravplass**
Til kjøp og opparbeiding av større gravplassareal er det sett av 33 mill. kr i perioden 2012-2014. Prosjektet omfattar opparbeiding av den første delen av gravplassen som skal vera ferdigstilt i 2015.




Politikarane skal vedta økonomiplanen tysdag 11. 12.2012

## Ny ungdomspastor i Ungkyrkja



*Johannes Kleppe*

Jeg er 35 år, gift med Janeth og far til Hannah Olava (5 år) og Ellinor (1 år). De to siste årene har vi bodd på Ganddal etter 8 år med studier og jobb i Oslo. Det har vært en spennende tid å nyetablere seg i Rogaland der vi begge kommer fra.

Jeg utdannet meg med tanke på en fremtidig pastortjeneste, men min første arbeidserfaring etter utdanningen skulle vise seg å bli med ungdom i Den Norske Israelsmisjon. Et sterkt personlig engasjement for misjonens sak, og en visjon om å revitalisere denne gamle organisasjonen, ledet meg inn i en utfordrende og etter hvert svært så fruktbar tjeneste.

De siste årene har jeg vært med å etablere ungdomsbevegelsen return2sender med virksomhet som teamturer til Israel, konferanser og ikke minst forsoningsprosjektet BridgeBuilders. I min tid i Den Norske Israelsmisjon har jeg hatt en stor kontaktflate til mange kristne ungdomsmiljø, og jeg har jobbet mye med ulike former av formidling i denne konteksten.

Kristent ungdomsarbeid har opptatt meg lenge. Helt siden jeg selv var ungdom har jeg vært bevisst på hvor avgjørende ungdomstiden er for utvikling av egen tro. Mange viktige valg tas nettopp disse årene. Det sies ofte at en må satse på ungdommen fordi de representerer vår fremtid. Jeg ser på ungdommen ikke bare som fremtiden, men som en viktig del av kirken allerede. At ungdommen regnes med og involveres i å bygge menighet er en selvfølge!

Jeg har vært så heldig å bli litt kjent med Ungkyrkja etter å ha arrangert påskemåltid og holdt noen andakter. Nylig hadde jeg også gleden av å være reiseleder på Ungkyrkja sin tur til Israel. Det var faktisk under denne turen at jeg skrev min jobbsøknad! Jeg var klar over stillingen som var ledig, og skjønte etter hvert at dette kunne være noe for meg.

Jeg har blitt glad i ungdomsgjengen på Bryne og går ydmykt inn i en ny tjeneste som ungdomspastor i Bryne Kyrkjelyd. Jeg ser særlig frem til å jobbe med å bygge menighet for og med disse ungdommene, og det å jobbe tettere med en bestemt gruppe over tid.

*Johannes Kleppe (joz)*


Misjonstidende i julegave?
Kr 390,-
... for 10 nr, årbok og aktivitetskalender.
Velkomstgave: Eksklusiv julesingle fra Sigvart Dagsland & Stavanger Gospel Company.
misjonstidende
VI SENDER DEG CD OG GAVEKORT. RING INN DIN BESTILLING PÅ TLF. 51 51 61 00 ELLER BESTILL PÅ WWW.NMS.NO/MISJONSTIDENDE



Utsnitt frå altartavla i Leikanger kyrkje, steinkyrkje frå ca. 1250. Altertavla er frå 1606,gjengitt i akvarell av Marit Rein Time, 1999. I eit felt under motivet er måla følgjande tekst: *"Ein Kindlein so zart und fein, Jesulein" - eit lite barn så sart og fint - det vesle Jesusbarnet*

*Av rettighetsgrunnar kan dessverre ikkje Helgedagen gjengi nokon illustrasjon, men forlaget (J. M. Stenersens forlag) har gitt løyve til å sitera frå boka*

## JAKOB WEIDEMANN OG JULEEVANGELIET

Jakob Weidemann ga i 1991 ut boka Juleevangeliet. Det er ei flott kunstbok der den kjende modernisten gir uttrykk for korleis han opplever teksten til Lukas. Som bakteppe for sine fargeillustrasjoner i boka fortel Weidemann om to hendingar i livet. Den eine er då han ein førjulskveld som 3-4 åring var med bestefaren til bedehuset. Den andre er frå ein samtale med forfattaren Pær Lagerkvist då dei diskuterte livet og kunsten.

Forteljinga frå det julepynta bedehusrommet avsluttar han slik:
- Minnet bærer rikdommen i seg om en billedmessig opplevelse - like ren som en bønn kan være for en som kneler. For der - i en kasse med halm - var de alle sammen som var meg fortalt. Den svake musikken - varmen fra ovnen og de store blanke glansbildene av Jomfru Maria - Jesusbarnet og Josef og hyrdene - sauene, lammene - eslene og de Hellige tre konger fra Østerland - alt var der - satt sammen i halmen der oppe i en sprakende farveprakt som glinset og sprengte alle mine grenser av mottagelig skjønnhet.

Vidare skriv Weidemann om samtalen med Lagerkvist:
